

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 7. august 2014 16:44
Til: Jarle Landås
Kopi: Håkon Zakariassen
Emne: SV: Svar på e-post av 23.06.14
Vedlegg: B29 - rk - kommunestyrevedtaket og vegvesenets motsegn -160614.pdf; N6 - nabovarsel2 - 472 - 050614.pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Som tidlegare teknisk sjef / bygnings sjef i ein mindre kommune med ansvar for saker som låg inn under dåverande teknisk utval / bygningsråd og desse instansane sin vedtakskompetanse stussar eg over svaret ditt : Tilsette i Radøy kommune handlar på vegne av rådmannen og det er derfor ikkje formelt feil at det ikkje er rådmannen personleg som har svart deg i saka.

Som kommunalt tilsett deltok eg i pågåande kommunalt utviklingsarbeid saman med rådmann, ordførar, skulesjef m. fl. med min faglege kompetanse. Det er likevel fullstendig utenkjeleg at eg skulle kunna tilriva meg forvaltningskompetanse i kommunestyresaker der eg sjølv hadde hatt forvaltningsansvar i underordna instans, slik personar ved teknisk etat har gjort i denne saka.

Er det ikkje slik, også i Radøy kommune, at det er rådmannen og rådmannen stab som har ansvaret for saksframlegg til kommunestyret, og kommunisering av kommunestyrets vedtak ?

Eg legg på nytt ved mitt brev av. 16. juni 2014, og vedlagt utkast til nytt nabovarsel.

Brevet er adressert til Radøy kommune, og gjeld eit kommunestyrevedtak. Eg har etter dette motteke eit brev frå teknisk forvaltning datert 23. 06. 2014, som skriv, men ikkje svarar.

Kommunestyrevedtaket er fatta på grunnlag av usanne opplysningar. Framlegget mitt om å ta saka opp på nytt som byggesak, er ei handsrekning til kommunen.

Eg tillet meg no å be om at rådmannen syter for at det vert gjeve eit sakleg svar, ikkje personleg, men frå rett instans.

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Jarle Landås [<mailto:Jarle.Landas@radoy.kommune.no>]
Sendt: 7. august 2014 15:08
Til: vidar-mj@online.no
Emne: Svar på e-post av 23.06.14

Eg visar til e-post datert 23. juni vedlagt brev datert 16.juni. Beklagar noko sein respons.

Administrasjonen i Radøy kommune har svart på ditt brev av 16. juni ved brev datert 23.06.14. Tilsette i Radøy kommune handlar på vegne av rådmannen og det er derfor ikkje formelt feil at det ikkje er rådmannen personleg som har svart deg i saka.

Vedtak er fatta av kommunestyret. Eg kan etter ei vurdering av dine argument ikkje finne at der føreligg nye opplysningar som gir grunnlag for å initiere ny handsaming i kommunestyret.

Mvh

Jarle Landås

Rådmann Radøy kommune

Jarle.landas@radoy.kommune.no

Tlf. 56349020 / 40228215

